

**Vassverket får byggja lager**

20.03.2008

**Uskedal Vassverk har no fått løyve av kommunen til å byggja eit lagerbygg på 48 kvadratmeter ved inntaket i Eikelva.**

Kommunen slår fast at naboar og gjenboarar er lovleg varsla og at det ikkje ligg føre merknader. Tiltaket er også i samsvar med avstandskrava til nabogrense, annan bygning, høgspenline og veg. Grunneigaren samtykker i tiltaket. Det skal gjennomførast ei grensejustering slik at eigartilhøva vert ordna. Tiltaket har også god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.